



## Administrativt vedtak

**Saksnr**

**Utval**

Formannskapet

Saksansvarleg:

Knut Fredrik Øi

Arkivsaknr.:  
15/42-10

Arkiv  
K2 - K40

Sakshandsamar  
Knut Fredrik Øi,

Dato  
09.07.2015

### Tildeling av fellingsløyve elg/hjort i Årdal 2015

#### Kort samandrag

Tildeling av fellingsløyve for hjort og elg er eit årleg vedtak, med unnatak for vald med godkjend bestandsplan. Viss det ikkje er spesielle endringar, fylgjer tildelinga godkjend forvaltningsplan.

#### Vedtak:

Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og *Forvaltningsplan for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland kommune*, tildeler Årdal kommune fylgjande fellingsløyve for hjortevilt i 2015:

<b>Hjort: 163 fellingsløyve delt på 20 vald</b>
---

<b>Elg: 14 fellingsløyve delt på 7 vald</b>
---

#### Vedlegg:

Hjortevald Årdal innfylt 2015

Elgvald Årdal innfylt 2015

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

-Lov om forvaltning av naturens mangfold (NML)

-Forskrift om forvaltning av hjortevilt

-Forvaltningsplan for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland kommune, godkjend 2011

-Avtale om felles landbrukskontor av 01.01.2011

#### Saksutgreiing/vurdering

Tildelinga fylgjer tidlegare skissert matrise for rullering av løyvekategori slik at valda over tid får dei ulike kategoriane og at summen av løyve fylgjer vedteke avskyningsmodell, sjå vedlegg.

Tiltaket skal vurderast etter Naturmangfoldlova §§ 8-12

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Rådmannen vurderer kunnskapen for tildeling av fellingsløyve for hjortevilt til å vera god.

Samstundes tydar talmaterialet og attendemeldingane frå hjorteutvalet på at bestanden er i

vekst. Det vil vera naudsynt med ei revurdering av løyveregimet til jakta 2016. Tildelingane er i tråd med godkjent forvaltningsplan for hjortevilt i Årdal kommune.

*§ 9 Føre-var-prinsippet*

Sidan kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera godt nok, er det liten fare for at tiltaket får negative konsekvensar for naturmangfaldet. Kommunen får attendemeldingar om skade voldt av hjort på innmark og utmark, samt almetre i Utladalen. Dette lyt diskuterast i arbeidet med heilskapeleg bestandsplan for hjort vinteren 2015-2016.

*§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning*

Rådmannen meiner den samla belastninga for økosystemet er på eit akseptabelt nivå, med å godkjenna tildelingane.

*§ 11 Kostnadene med miljøforringing skal berast av tilsakshavar:*

Ikkje relevant å vurdera dette tema, dersom gjeldande lover og reglar for hjorteviltjakt vert fylgt.

*§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar*

Ikkje relevant å vurdera.

Med bakgrunn i forvaltningsplanen for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland, tilrår administrasjonen at løyvetildelinga for Årdal kommune vert som følgjande i 2015:

<b>Hjort: 163 fellingsløyve delt på 20 vald</b>
<b>Elg: 14 fellingsløyve delt på 7 vald</b>